



## MELDING

**Til:** Samferdselsutvalet  
Fylkesutvalet

**Dato:** 4. april 2013

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Arkivsak:** 201301525-3/BJORMI

**Arkivnr.:** 811

### Trafikkavvikling på Rv 555 til/frå Sotra/Askøy

#### Bakgrunn

Atle Kvåle (A) sette i møte i fylkesutvalet 21.11.2012 fram slikt oversendingsforslag på vegner av A, KrF, SV, SP, H, Frp og V:

*«Fylkesutvalet ber om at fylgjande strakstiltak vert sett i verk i samband med trafikkavvikling Rv 555 Askøy og Sotra.»*

- 1. Det vert etablert innfartsparkering på Ågotnes og Straume.*
- 2. Det vert sett opp fleire direktebussar Bergen-Sotra/retur.*
- 3. Prøveordning med trafikkdirigering ved Valen/Arefjordskrysset.*
- 4. Det bør utgreiast moglegheit for båtskyss Bergen-Sotra/retur.»*

#### Tiltak

##### Innfartsparkering på Ågotnes og Straume

Det er ikkje blitt etablert fleire innfartsparkeringsplassar som strakstiltak. HFK er i dialog med Fjell kommune om meir permanente løysingar for innfartsparkering. Fylkesrådmannen viser elles til at det pågår eit utviklingsarbeid for å lokalisera nye område for innfartsparkering i Bergensområdet.

##### Buss og båttransport mellom Sotra/Askøy og Bergen (Vestkorridoren).

Det er frå 1.1.2013 sett inn ekstrabussar mellom Bergen og Sotra for å auka kapasiteten på dei eksisterande rutene. Fylkesrådmannen vurderer fortløpande behovet for auka kollektivtrafikkapasitet. Elles er det sett i gong eit arbeid som skal leggja rammene for kollektivtrafikken i Vestkorridoren dei komande åra. I dette arbeidet vert det fokusert på busstransporttilbodet, og det vert lagt til grunn eit bussruteopplegg som skal ta hand om framtidig trafikkvekst. Unntaket er Askøy-Bergen der det framleis vert satsa på båttransport. I den næraste framtida kan ein ikkje sjå at det ligg til rette for å etablere ei båt rute mellom Sund/Fjell og Bergen. Bakgrunnen for dette er både marknadsmessige, driftsmessige og økonomiske vurderingar. I tillegg manglar området tenleg infrastruktur i form av sentrale kaianlegg med tilhøyrande parkeringsareal.

##### Valenkrysset

For å betra trafikkflyten på Rv555 har det vore prøvd ut manuell trafikkdirigering i krysset Skjergardsvegen/Arefjordvegen (Valen) i Fjell i rushtida, i same tidsrom har det vore forbode å svinga til venstre frå Skjergardsvegen (Rv 555) og inn i Arefjordvegen (Fv209). Det er no starta opp eit arbeid med å innføra forenkla lysregulering på riksveg 555 i krysset Skjergardsvegen/Arefjordvegen (Valen) i Fjell. Det er no forbode å svinga til venstre inn til Valen frå riksvegen, avgrensa til rushtida morgon og ettermiddag. Når det gjeld venstresving ut frå Valen mot Straume på riksvegen vil dette verta forbode til ei kvar tid, også når lysreguleringa kjem på plass om nokre månader.